

Fra: Karl Andre Birkhol [Karl.Andre.Birkhol@norddal.kommune.no]
Sendt: 16. desember 2014 07:24
Til: Postmottak KD
Emne: VS: Høyring vedk. kompetanse

Norddal kommune sine kommentarar til høyring vedk. kompetanse i undervisningsfag m.m.
Vi har sett opp kommentarane punktvis.

- Vi ser positivt på at krava knytt til kompetanse blir auka og at innhaldet i lærarutdanninga blir justert i samsvar med desse krava.
- Utfordrande å forhalde seg til stadige endringa i lov- og føresegner.
- Kan sjå ut som lovverket i stadig større grad blir tilpassa større skular i byar og tettbygde strøk og i mindre grad til fleirtalet av skular i Bygde-Noreg.
- Vidareutdanning, med det omfanget det vert lagt opp til, vil vere eit stort økonomisk løft for kommunane. Det gir store utfordringar når skulane skal fylle på med kvalifiserte lærarar fordi allereie tilsette skal ta meir utdanning. Dette kjem i tillegg til at mange lærarar vil nå pensjonsalder i åra frametter.
- Nødvendig med stor grad av desentralisert og nettbasert utdanningstilbod. Tilbodet må også vere stort nok til å kunne ta unna det utdanningsbehovet som vil kome med ei slik reform. Det blir mange som vil ta ei slik utdanning i løpet av kort tid.
- Kanskje bør lovtekstar og føresegner i større grad utformast i samsvar med det som er realistisk å kunne gjennomføre. Om dei i stor grad får preg a å vere målsettingar kan dei ende opp med å bli nettopp det, og generere mykje unødig arbeid for skular i Bygde-Noreg i mange år frametter.
- Det er lite tenleg, og i tillegg kostnadskrevjande, å krevje vidareutdanning av lærarar som har kort tid att før dei når pensjonsalder.
- Unntaket for mindre ungdomsskular, bør vidareførast.
- Grunnutdanninga for lærarar er ikkje omtala i dette høyringsforslaget, men vi ønskjer likevel å få uttrykt at denne bør gjennomgåast og reviderast. Vi ser at med skiljet i lærarutdanninga mellom 1.-7. klasse og 5.-10. klasse så får vi store problem med å rekruttere lærarar til dei yngste elevane. På 1.-10.skular vil vi framleis ha eit stort behov for "allmennlæraren" som kan dekke mange oppgåver/klassetrinn.

Med helsing

Norddal kommune
Karl Andre Birkhol
Fagsjef skule og barnehage
70258838/94166992